

REFERAT FRÅ REPRESENTANTSKAPSMØTE I NGIR

Tid: 13.11.17, kl 11.30

Stad: Kjevikdalen

Desse representantane møtte:

Austrheim:	Hardy Pedersen, Magnus Kvingedal
Fedje:	Ingmar Stuberg
Gulen:	Lars Atle Larsen, Daniel Kvernøy
Lindås:	Leif Hosøy Sleire, Leidulv Brunborg, Nina Stabell Øvreås
Masfjorden:	Egil Kvingedal
Meland:	Tormod Skurtveit, Mabel Ingeborg Johansen
Modalen:	Liv-Anne Aanesen (leiar)
Radøy:	Jannicke Helland, Dag Sætre
Solund:	Linne Lending, Steinar Krakhellen

Frå styret:

Helge Fjellanger (styreleiar), Ottar Skjelvik (nestleiar) og Ragnhild Tykhelle Langøy

Frå administrasjonen:

Bjørn Berg (dagleg leiar, ref.), Erlend Kleiveland (økonomisjef) og Hilde Lysø (seniorrådgjevar)

Sakliste:

Sak 09/17	Godkjenning av innkalling og sakliste
Sak 10/17	Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll
Sak 11/17	Meldingar
	a) Diverse munnleg orientering
	b) Innsamling av avfall – på anbod eller i eigenregi
Sak 12/17	Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring
Sak 13/17	Investeringsbudsjett 2018
Sak 14/17	Driftsbudsjett 2018
Sak 15/17	Renovasjonsgebyr 2018
Sak 16/17	Slamgebyr 2018
Sak 17/17	Økonomiplan 2018-2021

Møtet starta med namneopprop, og deretter mat.

Liv-Anne Aanesen leia møtet.

Sak 09/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Det var ingen merknader til innkalling og sakliste.

Innkalling og sakliste vart samrøystes godkjent.

Sak 10/17 Val av medlemmer til å skriva under møteprotokoll

Framlegg i møtet:

Hardy Pedersen og Ingmar Stuberg skriv under protokollen, i tillegg til representantskapsleiar Liv-Anne Aanesen.

Framlegget vart samrøystes godkjent.

Sak 11/17 Meldingar

a) Diverse munnleg orientering

RenoNorden, før og etter konkurs

Bjørn Berg og Erlend Kleiveland orienterte.

NGIR inngjekk som kjent avtale med RenoNorden (RN) i 2016 om innsamling av hushalds- og næringsavfall med komprimatorbilar. Kontraktstida var avtalt til 6 år frå nyttår 2017, pluss 2 opsjonsår.

Det vart relativt raskt klart at RN fekk store økonomiske problem grunna fleire tapsbringande kontraktar. Våren og sommaren 2017 laga NGIR difor ein handlingsplan for korleis ein skulle handtera ein eventuell konkurs hjå RN (informasjon til kundar, personell og bilar, korleis sikra stabil henting av boss osv.).

Den 19.09.17 melde RN oppbod, og det vart hektiske dagar for NGIR med å få sett handlingsplanen ut i livet. NGIR har etter konkursen overteke leasingavtalene for 9 komprimatorbilar, og har i tillegg kjøpt 3 brukte komprimatorbilar. Alle renovatørane som var tilsette i RN (totalt 16 mann) fekk mellombelse arbeidskontraktar hjå NGIR ut 2017. Renovasjonstenesta kunne såleis verta oppretthalde utan avbrot. Vidare har NGIR leigd lokale (garderobe, vaskehall og parkeringsplass) på Mjåtveit, Frekhaug. Køyreleiar frå Retura Vest, Karl Andre Dale, er leigd inn for å administrera bilar og sjåførar på vegne av NGIR inntil ei endeleg avgjersle er teke angående framtidig driftsform (eigenregi eller anbod).

Mellom anna av omsyn til sjåførane, er det ynskjeleg med ei avgjersle så raskt som mogleg på kva driftsform avfallsinnsamlinga skal ha i framtida. Tilsetjing på mellombelse kontraktar bør avgrensast til makismalt eitt år.

Administrasjonen hjå NGIR fekk ros for godt arbeid, både i samband med oppstart av RenoNorden-kontrakten, og – ikkje minst – i samband med at RN gjekk konkurs. Representantskapet var imponert over at NGIR klarte å halda kontinuerleg drift i ein så utfordrande situasjon.

Reinseanlegg

NGIR har no kome til semje med dei aktuelle grunneigarane, og kjøpskontraktar er i ferd med å verta underskrivne. Prosjekteringa er klar, og etter ein anbudsrunde vonar me difor på byggjestart og ferdigstilling i løpet av 2018.

Fagopplæring gjenvinningsfaget

NGIR har søkt om stønad i 2018, og har i samarbeid med Fønix førebudd eit kursopplegg i gjenvinningsfaget for ca 15 tilsette. Målsettinga er å gjennomføra opplæring og fagprøve i 2018 for dei tilsette som ynskjer å styrka sin kompetanse og oppnå fagbrev. For NGIR er ei slik kompetanseheving eit flott tiltak, og gjev oss m.a. fleire tilsette som kan støtta kundane våre med gode faglege råd, særleg på gjenvinningsstasjonane.

Representantskapet tok dei munnlege orienteringane til vitring.

Sak 11b/17 Innsamling av avfall – på anbod eller i eigenregi

Representantskapet var nøgd med saksutgreiinga som var sendt ut før møtet, men hadde ynskje om ytterlegare informasjon/utgreiing på ein del område:

Økonomiske og praktiske tilhøve/omsyn.

Visa kva som vert drive i eigenregi vs anbod i dag.

Kva er NGIR si "kjerneverksemd"?

Konklusjon:

Saka vert sett opp att på ekstra representantskapsmøte i februar/mars 2018. Medlemmene i representantskapet ynskjer å kunne drøfta problemstillingane politisk i sine kommunar. Møtedato i representantskapet bør difor setjast etter at alle eigarkommunane har hatt fyste kommunestyremøte i 2018. Saksutgreiinga frå NGIR bør, viss det let seg gjera, vera sendt ut før kommunestyremøta skal haldast.

Sak 12/17 Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring

Lindås kommune, Meland kommune og Radøy kommune har vedteke å slå seg saman til Alver kommune med verknad frå 01.01.2020. Dette inneber m.a. at §§ 2, 4, 5, 8 og 13 i NGIR sine vedtekter (selskapsavtale) må endrast.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak;

I samband med samanslåinga av kommunane Lindås, Meland og Radøy til Alver kommune, med verknad frå 01.01.2020, er det naudsynt å gjera endringar i NGIR sine vedtekter (selskapsavtale). Dei aktuelle vedtektsendringane må godkjennast av alle NGIR sine eigarkommunar (og Fellesnemnda for den nye kommunen), og NGIR inviterer difor til eit samarbeid om prosessen fram mot dette. Då slike prosessar tek tid, føreslår NGIR at det så snart som råd vert oppretta ei arbeidsgruppe for dette, med NGIR som sekretær. Alle eigarkommunane i NGIR vert oppmoda om å oppnemna ein representant til ei slik arbeidsgruppe, og å melda tilbake til NGIR innan 15.01.18 om kven som vert kommunen sin representant. Det kan vera tenleg at ein av kommunen sine medlemmar i NGIR sitt representantskap vert medlem i ei slik arbeidsgruppe. Kommunane Lindås, Meland og Radøy avgjer arbeidsdelinga mellom dei eksisterande kommunane og Fellesnemnda for den nye kommunen.

Leif Hosøy Sleire (som sit i Fellesnemnda, saman med Nina Stabell Øvreås) informerte om arbeidet Fellesnemnda skal gjera med omsyn til dei ulike interkommunale samarbeid kommunane i dag tek del i, og refererte m.a. til Styringsdokumentet for gjennomføring av kommunesamanslåinga:

9.2.3 Interkommunalt samarbeid og eigarskap

Dei eksisterande kommunane har fleire avtaler om interkommunalt samarbeid og har eigarskap i fleire IKS'ar og AS'ar. Dei tre gamle kommunane må seie desse opp og fellesnemnda må om ønskjeleg erstatte dei med nye avtaler. Nye vedtekter må vedtakast. Hovudprosjektet får ansvar for

- Kartlegging av alle avtaler, vedtekter og eigarskap som kunnskapsgrunnlag for arbeidet. Utarbeide forslag for strategi for arbeidet med endring i interkommunalt samarbeid og eigarskap. Kva avtaler ein skal avvikla og kva avtaler ein skal vidareføra.
- Initiere oppseiingar og reforhandlingar av avtaler og initiere endringar i vedtekter, inkludert dei økonomiske forpliktingane knytt til avtalene.
- Utarbeide eigarskapsstrategi form av ei eigarmelding.

På bakgrunn av dette sette Leif Hosøy Sleire fram utsetjingsframlegg:

Handsaming av *Sak 12/17 Kommunesamanslåing – trong for vedtektsendring* vert utsett til representantskapsmøtet i mai 2018.

Utsetjingsframlegget vart samrøystes vedteke.

Sak 13/17 Investeringsbudsjett 2018

Det er planlagt investeringar for kr 37 900 000 i 2018. Vedtak av dette investeringsbudsjettet inneber å auka investeringar med kr 3 400 000 i forhold tidlegare investeringsbudsjett og økonomiplan og utsetja investeringar på kr 6 000 000 i forhold til økonomiplan. Nettoeffekten i 2018 er reduserte investeringar med kr 2 600 000 i forhold til investeringsbudsjett for 2017 og økonomiplan for 2018. Det er ikkje trong for å gjera låneopptak til investeringane.

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner fylgjande investeringsbudsjett:

Skildring	Sum 2018
Hjullastar	2 300 000
Truck/liten hjullastar	700 000
Plate til sortering av treverk m.m.	5 500 000
Reinseanlegg sigevatn	13 000 000
Skapbil ADR	1 200 000
Kvern	4 000 000
Utviding administrasjonsbygg	5 000 000
Tomteareal	1 100 000
Konteinorar	2 500 000
Dunkar	600 000
Diverse	2 000 000
Sum	37 900 000

Samrøystes tilrådd av styret 24.10.17.

Samrøystes vedteke av representantskapet 13.11.17.

Sak 14/17 Driftsbudsjett 2018

I vedlegg til driftsbudsjett for 2018 finn ein alle samlekontoar som NGIR i 2018 budsjetterer inntekter og kostnader på, og avvik frå budsjettet for 2017 er forklart.

Budsjettet er fordelt på 4 avdelingar:

- Hushald/hytter
- Næring
- Slam
- Bilvrak

Det er budsjettert med eit underskot på kr 982 000, fordelt på + kr 785 000 på hushald, - kr 1 188 000 på næring, - kr 645 000 på slam og + kr 66 000 på bilvrak. Overskot på hushaldsavfall vert sett av til utjamningsfond og underskot på slam vert dekkja av utjamningsfond. Underskot på næring vert dekkja av eigenkapitalen (tidlegare års overskot på bilvrak/næringsavfall).

NGIR hadde eit utjamningsfond for hushalda på - kr 70 883 ved starten av 2017. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert bruk av utjamningsfondet for 2017, vil fondet vera om lag 979 000 kroner ved utgangen av budsjettåret.

NGIR hadde eit utjamningsfond for slam på kr 4 139 280 ved starten av 2017. Inkludert kalkulatorisk rente frå utjamningsfondet og budsjettert endring for 2017, vil fondet vera om lag 3,15 millionar kroner ved utgangen av budsjettåret.

Grunna konkursen til RenoNorden er det relativt store endringar i budsjettet frå 2017 til 2018. Vedlagt ligg difor kalkulasjonen som er nytta for å rekna ut kva det vil kosta å samla inn avfall i eigen regi. Det er føresett at kostnadsfordelinga mellom hushald og næring ved innsamling i eigen regi er gjennomsnittet av kostnadsfordelinga i dei 4 tilboda NGIR fekk. Innsamlingskostnadene per abonnement er vist under.

Pris per hushaldskunde RenoNorden-anbod	kr 449
Pris per hushaldskunde anbod nr. 2	kr 815
Pris per hushaldskunde eigen regi	kr 867

Det er ikkje budsjettert med avsetning til etterdriftsfond frå hushalda (framleis avsetjing til etterdriftsfond frå næringsavfall). Kvart år genererer kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar sjølvkostresultatet at eigenkapitalen aukar med mellom ca. 0,7 og 1 million kroner. Dette skjer fordi dei kalkulatoriske rentekostnadene er større enn dei reelle rentekostnadene. Avsetning til etterdriftsfond er føreslått skjer ved at ein tek pengar frå eigenkapitalen og set av til etterdriftsfondet. Dette gjer at gebyra kan haldas lågare utan at ein kjem i konflikt med kravet om å nytta kalkulatorisk rente når ein reknar etter sjølvkostprinsippet.

Utrekningane av sjølvkostresultat og utjamningsfond er vist under:

	Hushald	Slam
Resultat 2018	785 000	-645 000
+ Rentekostnader	211 804	1 618
- Renteinntekter bankinnskot	291 846	11 161
- Kalkulatorisk rentekostnad	703 427	11 542
= Sjølvkostresultat	1 532	-666 085
Utjamningsfond 01.01.2017	-70 883	4 139 280
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2017	1 018 588	-408 776
Kalkulert rente utjamningsfond 2017	16 388	34 788
Budsjettert avsetning til (+)/ bruk av (-) utjamningsfond 2018	1 532	-666 085
Kalkulert rente utjamningsfond 2018	13 872	49 515
Utjamningsfond 31.12.2018	979 497	3 148 722

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner driftsbudsjettet for 2018.

Samrøystes tilrådd av styret 24.10.17.

Samrøystes vedteke av representantskapet 13.11.17.

Sak 15/17 Renovasjonsgebyr 2018

Då NGIR i 2016 inngjekk transportavtale med RenoNorden gjekk kostnaden til transport av avfall inn til NGIR monaleg ned. Likevel kunne ikkje gebyret setjast tilsvarande ned fordi ein del andre kostnader auka, m.a. kapitalkostnader og kostnader til handsaming av avfall. I tillegg hadde NGIR i 2016 finansiert ein del av gebyret ved å bruka av utjamningsfondet, medan ein i 2017 ikkje hadde tilsvarande fond å "subsidiere" gebyret med. Endring i bruk av utjamningsfondet utgjer størsteparten av "Andre kostnader" i gebyrendringa frå 2016 til 2017.

Kostnaden per abonnent med selskapet som vart rangert som nr. 2 i anbodskonkurransen var om lag kr. 366 høgare enn med RenoNorden. Etter at RenoNorden AS gjekk konkurs hentar NGIR inntil vidare avfallet i eigen regi. Kostnaden med dette er kalkulert på grunnlag av avtalar og erfaringsdata per 15.10.17, sjå vedlegg til sak 27/17. Kostnaden er kalkulert til kr 52 per abonnent høgare enn anbudet som vart rangert som nr. 2. Det ligg føre planar for å setja transporttenesta ut på anbud frå ca. 01.09.18, men det er for enkelhets skuld budsjettert med kostnader for eigen drift for heile året.

Basert på driftsbudsjett (sak 26/17) må renovasjonsgebyret aukast frå kr 2976 til kr 3488 (normalabonnement). Under er gebyrendringane for 2016-2018 vist (der endringa frå 2016 til 2017 er henta frå saksutgreiinga i tilsvarande sak i fjor).

Gebyr 2016	kr 2 976
Transport inn	- kr 468
Transportkostnader ut	- kr 211
Personalkostnader	kr 33
Ekstern handsaming av avfall	kr 263
Kapitalkostnader	kr 106
Andre kostnader	kr 245
Gebyr 2017	kr 2 944
Diff. RenoNorden - transp.anbod nr. 2	kr 366
Tillegg for drift i eigen regi 2018	kr 52
Andre kostnader *	kr 126
Gebyr 2018	kr 3 488

Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande renovasjonsgebyr (eks mva.) for hushald og hytter i 2018:

Renovasjonsgebyr 2018	Rabatt/tillegg*	Utan heimek.	Med heimek.**
Restavfall kvar 4. veke, 140 liter	-kr 320,00	kr 3 168,00	kr 2 768,00
Restavfall kvar 2. veke, 140 liter	Utgangspunkt	kr 3 488,00	kr 3 088,00
Restavfall kvar 2. veke, 240 liter	kr 320,00	kr 3 808,00	kr 3 408,00
Hytterrenovasjon		kr 1 744,00	

* Rabatt/tillegg for sjeldnare tømning / større dunk er oppgeve utan mva. kr 320,00 + mva. = kr 400.

** Rabatt for heimekompostering er kr 400 utan mva / kr 500 med mva.

Samrøystes tilrådd av styret 24.10.17.

Samrøystes vedteke av representantskapet 13.11.17.

Sak 16/17 Slamgebyr 2018

Ordinær tømning

I økonomiplanen for 2017-2020 går det fram at slamgebyret kan "haldast stabilt fram til 2020". Det har ikkje skjedd store kostnadsendringar sidan i fjor og det vert difor ikkje føreslege endringar i slamgebyr.

Det er budsjettert med kr 645 000 i underskot frå slam dersom gebyret vert halde uendra. For å finansiera dette kan ein nytta utjamningsfondet. Pris i parentes er for 2017.

Gebyr septikslam private	kr 792 (kr 792)
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320 (kr 320)

Naudtøming*/Ekstratøming**

Nokre kundar har trong for ekstra tømning utanom ordinær slamtøming. NGIR fakturerer kunden direkte for dette. Det har ikkje skjedd store kostnadsendringar sidan i fjor og det vert difor ikkje føreslege endringar i desse gebyra. Pris i parentes er for 2017.

Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995 (kr 2 995)
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990 (kr 5 990)
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524 (kr 524)
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047 (kr 1 047)

*Naudtøming er tømning som må utførast på kort varsel utanom vanleg tømepplan grunna akutte uhell eller andre hendingar. Naudtøming skal utførast snarast mogeleg, og innan 24 timar etter varsel frå abonnent eller oppdragsgjevar.

**Ekstratøming er ikkje like akutt som naudtøming, og skal oppfylle følgjande kriteriar: Tøminga er utanom vanleg tømefrekvens og oppdraget skal utførast innan 14 dagar etter at oppdraget er tinga.

Styret rår representantskapet til å gjera vedtak om fylgjande gebyrsatsar eks. mva. for slam i 2018 (alle satsar uendra frå 2017):

Gebyr septikslam private	kr 792
Gebyr per kubikk slam frå kommunale avskiljarar	kr 320
Ekstratøming inntil 4,5 kubikk	kr 2 995
Naudtøming inntil 4,5 kubikk	kr 5 990
Ekstratøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 524
Naudtøming over 4,5 kubikk, per kubikk	kr 1 047

Samrøystes tilrådd av styret 24.10.17.

Samrøystes vedteke av representantskapet 13.11.17.

Sak 17/17 Økonomiplan 2018-2021

Med utgangspunkt i økonomiplanen for 2017-2020 er det utarbeidd ein plan over korleis økonomien ser ut til å utvikla seg. Det er sett opp driftsbudsjett, investeringsbudsjett og forventa renovasjonsgebyr for åra 2018 til 2021. Det er også sett opp sjølvkostrekneskap og forventa utvikling av utjamningsfonda.

Det er viktig å merka seg at økonomiplanen er basert på mange usikre faktorar.


Dagleg leiar sitt framlegg til vedtak:

Styret rår til at representantskapet godkjenner økonomiplanen for 2017-2020.


Samrøystes tilrådd av styret 24.10.17.

Samrøystes vedteke av representantskapet 13.11.17.

Kjevikdalen 13.11.16



Liv Anne Aanensen
-Representantskapsleiar-



Hardy Pedersen
-Representantskapsmedlem-



Ingmar Stuberg
-Representantskapsmedlem-